

# **Årsmelding for Vats Grendautval for 2008 – 2010**

Vats Grendautval vart stifta 4. sept. 2008 på eit folkemøte i Vats der Kommuneplanen for Vindafjord vart drøfta i Vindafjordhallen.

## **Desse vart valde:**

**Jon Olav Velde, leiar, Øvre Vats**

**Åsmund Kalstveit, Øvre Vats**

**Gro Karin Velde, Øvre Vats**

**Severin Fatland, Nedre Vats**

**Ingunn Skosheim Ohm, Nedre Vats**

**Bente Kristin Hognaland, Nedre Vats (Ho trekte seg ut like etterpå)**

Grendautvalet har ikkje faste møte, men har møte når behovet melder seg eller når saker eller høyringar kjem på bordet. Møtestaden har vore på Vats skule.

## **Vats Grendautval har hatt desse møta:**

13 styremøte og handsama 65 saker.

2 folkemøte i Vindafjordhallen, 7/9 – 09 og 18/2 - 10

2 møte i forb. med Vatsvassdraget.

Fleire møte i samarbeidsfora ute på Raunes hos AF Decom – seinast 7. okt. -10

## **Av saker som er handsama kan me kort nemna ein del av desse:**

- a. Kommuneplanen 2010 – 2017 del 1, arealdelen m/høyringsuttale til kommunen
- b. Kommuneplanen 2010 – 2017 del 2, strandsone/sjøareal m/høyringsuttale til kommunen.
- c. Skuleskyssreglement m/høyringsuttale til kommunen.
- d. Skulekrinsgrenser m/høyringsuttale til kommunen.
- e. Energi- og klimaplanen 2009 – 2014 for Vindafjord kommune m/høyringsuttale
- f. AF Decom sin aktivitet på Raunes + fleire orienteringsmøte der ute.
- g. Heimeside til Vats – [vatsnett.com](http://vatsnett.com)
- h. Vatsvassdraget – prøvetakingsprosjekt i samarbeid med NIVA.
- i. Trafikksikringsplan m/sykkel- og gangvegar m/lys, i Vats og rundkjøring/ventefil på Knapphus
- j. Sendt skriv til kommunen om å få namn på vegar og gater og få husnummer . – dette gjeld særleg i byggefelta.
- k. Naustbygginga til Ole Johan Indreland m/særutskrift til Fylkesmannen.
- l. Partsdel i Vindafjordhallen og dugnadsarbeid der.
- m. Drøfta anonyme brev og truslar i Nedre Vats – reportasje i aviser.
- n. Bowlinghall i Vindafjordhallen.
- o. Ungdomshuset ”Haugatun” i Nedre Vats.
- p. Info. om rydding, merking, skilting og presentasjon av turstiar i heile Vats.

## **Saker som Grendautvalet har engasjert seg mykje i:**

- a. Kommuneplanen. I og II
- b. Trafikksikringspalen for Vats
- c. Vatsvassdraget.
- d. AF Decom sin Miljøbase på Raunes.
- e. Heimeside for Vats.

## **Kommuneplanen I og II (Arealdelen og strandsonedel)**

Grendautvalet brukte mykje tid på høyringsutkastet til kommuneplanen og kom med ein del merknader og synspunkt som det vart teke omsyn til.

## **Trafikksikringsplanen for Vats.**

Grendautvalet har engasjert seg i å få trygge og gode sykkel- og gangstiar m/lys i Vats.

Dette gjeld særleg langs E 134 frå Knapphus til Eikeland. På dugnad er det laga sykkel- og gangsti frå Knapphus til Aurdalsvegen langs E 134 på 3,2 km og nå er det kome lysmaster frå Knapphus til Øvre Vats bedehus. Dette er også gjort på dugnad.

Grendautvalet har sendt særutskrift om sykkel- og gangsti frå Knapphus til Kårhus og vidare til Åmsosen. Dessutan frå Vats skule til Gjerdesdalen.

Grendautvalet har sendt skriv om å forlenga sykkel- og gangstien langs E 134 frå Aurdalsvegen til Eikeland mot Ølensvåg og frå Knapphus og utover til Krakk mot Skjold. Knapphuskrysset der E 134 og R 46 møtest, er eit farleg kryss – her må det lagast ei ventefil eller ei rundkjøring og ein undergang for sykkel- og fotgjengarar.

Grendautvalet har også peika på den smale og trafikkfarlege vegen frå Åmsosen utover langs Stokkastranda til Stokkafeltet. Her må noko gjerast.

Det gledeleg er at alt dette er kome med i Trafikksikringsplanen for Vinafjord kommune 2009 – 2018. Det nyttar å senda saker til kommunen – slik skal det vera.

## **Vatsvassdraget:**

Dette vassdraget er til tider så misfarga med algeoppblomstring av for mykje næringsstoffer frå landbruket eller andre kjelder, at det kan vera ubrukande for folk og dyr.

Grendautvalet v/Åsmund Kalstveit tok affære og sökte om pengestønad for å engasjera NIVA (Norsk Institutt For Vannforskning) til eit prøvetakingsprosjekt i vassdraget for å kartleggja utsleppa til elvar og vatn på ein systematisk måte.

Det vart sökt om pengestønad både frå offentlege og private instansar.

Budsjettet var på over 130 000 kr. som NIVA måtte ha for å gjennomføra prøvetaking, analysering og laga ein ferdig rapport. Me fekk inn 139 500 kr, (sjå rekneskapen) (Åsmund og Jon Olav har hjelpt til med prøvetakinga heile tida.)

## **Kort historikk om handsaminga av Vatsvassdraget:**

**4. febr. 2009** hadde Grendautvalet styremøte saman m/Vats bondelag, Grunneigarlaget og Vindafjord kommune v/landbruksavdelinga der ein drøfta ein framdriftsplan om vassdarget.

**7. sept. 2009** arrangerte Grendautvalet eit folkemøte i Vindafjordhallen der Vatsvassdraget var eit av hovudtemaene. Forskar Anders Hobæk i NIVA orienterte om prøvetakingsprosjektet så langt utan å kunna konkludera, men det var tydeleg at kvaliteten på vassdraget var lite tilfredsstillande. Her måtte det tiltak til.

**18. febr. 2010** arrangerte Grendautvalet eit nytt folkemøte i Vindafjordhallen – denne gongen saman med AF Decom på Raunes. NIVA la først fram sin fyrste årlege rapport om prøvetakingsprosjektet ute på Raunes.

NIVA la deretter fram sin føreløpige rapport om Vatsvassdraget denne kvelden. Her kom det fram at det var heilt naudsynt at det må setjast inn tiltak for å sikra vasskvaliteten i vassdraget før det var forseint.

**17. aug. 2010** hadde Grendautvalet eit nytt møte der Vats bondelag, Grunneigarlaget, Vindafjord kommunen v/landbruksavdeling og førsøksringen var inviterte. Dette var eit strategimøte der tiltak og framdriftsplan vart drøfta.

Grendautvalet vil hausten 2010 invitera til eit nytt folkemøte der alle grunneigerar rundt Vatsvassdraget, bondelaget, grunneigarlaget, førsøksringen, kommunen og andre interesserte til å vera med for å drøfta saka og koma med innspel til tiltak. Det må oppnemnast ei prosjektgruppe som arbeider vidare med saka.

NIVA v/Anders Hobæk er nå ferdig med rapporten om vassdraget – ein svært omfattande og god rapport som syner at vassdraget er svært belasta og at tiltak er heilt naudsynt skal ein få bukt med forurensinga. **Denne rapporten ligg ute på vatsnett.com og kan lesast der.**

### **AF Decom sin Miljøbase på Raunes.**

Grendautvalet blei vald inn i eit samarbeidsutval saman med Vindafjord kommune, Tysvær kommune, Tysvær Fiskarlag, Miljøvernforbundet avd. Vats og Raunes Fiskefarm.

Seinare har Raunes Fiskefarm og Miljøvernforbundet si avd. Vats meldt seg ut i protest.

Det har vore mykje ”støy” rundt AF Decom si etablering der ute på Raunes. Miljøvernavd. Vats og Raunes Fiskefarm og Tysvær fiskarlag har alle vore svært skeptiske til bedrifta når det gjeld forurensing i sjø, i luft og på land. Dialogformen deira har vore krass og til tider uforståande etter vår mening.

Her demonterer dei utrangerte oljeinstallasjonar som inneheld mange miljøgifter som er spesialavfall. Dette må sjølv sagt handterast på lovleg og forsvarleg måte.

Under anleggstida var det ein god del støy og uro som var til sjenanse for både folk og fe. AF Decom har bygd opp eit anlegg som er dimensjonert og laga etter gjeldande relgar og lovar – eit anlegg som er topp moderne.

Leiinga på basen har heile tida orientert folket i bygda og kommunen med info.skriv og møte og dei har invitert folk til å koma ut til Raunes for å sjå og høyra korleis dei arbeider.

Grendautvalet har sett pris på denne informasjonen og synfaringane bedrifta har arrangert.

Fiskefarmen ”kasta inn handkledet” og slutta med torskeoppdrettet sitt p.g.a. vibrasjonar/støy og forurensing under anleggstida og gjekk til rettsapparatet for erstatning. Dommen fell i november.

Miljøvernavd. har heile tida vore svært kritiske til drifta og handsaminga av miljøgiftene og deira sannsynlege forurensing i heile Vatsfjorden. Dei har dessverre ingen tillit til NIVA, til Fylkesmannen si miljøavd., til KLIF, til kommunen eller til grendautvalet.

Grendautvalet og dei andre i samarbeidsutvalet har i fleire møte fått god informasjon av Miljøbasen på Raunes og er imponert over anlegget og måten dei handterer installasjonane på når dei kjem inn.

Den 18. mai 2010 var miljøvernminister Erik Solheim og representantar i KLIF m.fl. i Vindafjordhallen og orienterte om at det blir nasjonale føringar for slike anlegg. Dette er Grendautvalet og kommunen svært glad for – dette vil sikra at alle tilsvarande anlegg har same standard. AF sin miljøbase fekk skryt for sitt anlegg og det syner seg at bedrifta har på mange måtar lagt ”malen” for andre som utfører slike oppdrag.

Kurt Oddekalv i Norsk Miljøvernforbundet var på same møte – han gav Solheim skryt for at det nå er kome i ordna former.

Grendautvalet har funne ut at me kan ha tillit til at AF Miljøbase utfører sitt arbeid etter gjeldande lovar og reglar og gjer tiltak om noko uheldig blir avdekka. Jfr. luftforurensinga som vart oppdaga på etasjemosen like utanfor anlegget. Då dette vart varsla av NIVA, gjorde bedrifta tiltak umiddelbart. Slik skal det fungera.

Grendautvalet vel og å ha tillit til dei kontrollerande myndigheter som har tilsynet med bedrifta. Det er godt å vita at NIVA varslar og rapporterer raskt når dei oppdagar utslepp som kan vera skadeleg for naturen.

Det er synd at Miljøvernforbundet og Fiskarlaget er så skeptiske og mistenksame når bedrifta etter vår mening spelar med så opne kort som me har inntrykk av.

Me treng kvarandre, for me har same mål, nemleg å behalda naturen på sjø og land rein. Ein sunn skepsis og ein konstruktiv og sakleg dialog er bra for alle partar.

## Vatsnett.com

Grendautvalet tok initiativ til å få ei eiga heimeside for Vats. Ei gruppe på 3 personar – Ingunn Skosheim Ohm, Peder Lundegård og Jon Olav Velde hadde fleire drøftingsmøte med Bjørn Morten Stokka om korleis ei heimeside for Vats burde vera. Bjørn Morten var kreativ og hadde fleire løysingar som vart drøfta før me tok ei avgjerd.

Grendautvalet er **Bjørn Morten Stokka** stor takk skuldig for at han på vår førespurnad tok på seg å designa og vedlikehalda denne heimesida.

Ved å gå inn på denne sida, får ein mykje god informasjon om Vatsbygda, om natur og kultur, om bedrifter, om lag og foreningar og deira aktivitet, om små og store ”historiske” hendingar, biletgalleri, aktivitetskalender m.m.m.

Bjørn Morten er avhengig av å få tilsendt informasjonsstoff til heimesida frå enkeltpersonar eller frå lag og foreningar.

Me etterlyser kommunal stønad for å drifta slik heimeside. Til nå er dette blitt utført på dugnad i dei fleste bygdene i Vindafjord. Dette må koma inn i faste budsjettmessige former i kommunen.

Det vil, saman med arbeidet i Grendautvala kunna vera eit vesentleg bidrag til å fylla Vindafjord si målsetjing om å ha levande bygder.

Øvre Vats 28. okt. 2010

For Vats Grendautval

Jon Olav Velde  
-leiar/skrivar-